



NVE

Røldal fjellstyre

5.1.2024

Høyringsinnspel til søknad om dispensasjon frå konsesjonskrav i Kjelavassdraget

NVE har handsama liknande søknadar i 2020 og 2022 – Desse søknadane gjeld ikkje tilsvarende endring i manøvreringsregime som råkar Ståvatnet.

Me er einige om at tiltaket ikkje vil ha nokon negative økologiske konsekvensar.

Me må understreke at vårt ansvarsområde, jmf. §3 i fjellova. Det er moglegheita for fiske- og friluftsliv som vert skadelidane av dette tiltaket. Det er bra at Statkraft skal setje i gang utvida tilsyn av isforholda, men det er endå viktigare at informasjonen om uttrygg is kjem ut til allmenheten. Haukelifjell, og Ståvatn, er eit særskilt tilgjengeleg område, med utallige turmoglegheit, med mange startpunkt. Ståvatnet ligg kort avstand frå store hyttefelt i Vinje/Vågslid. Ein svært liten andel av dei som nyttar Ståvatnet er innom Haukelisæter. Til dømes registrerte NINA, i samband med ferdselsprosjektet så mange som 580 bilar på Haukelifjell to forskjellige påskedagar. Statkraft må altså gjere eit grundig informasjonsarbeid, kor dei informerer alle brukarane om dette – ikkje berre det fåtalet som er innom turisthytta. Ein må sjølvstendig velje seg kanalar kor ein får informere lokalbefolkning, hyttefolk og tilreisande turist.

Fjellstyret kan ikkje ha noko ansvar for at brukarane våre er informerte, ei heller for området på «vår» eigedom. Ein ber likevel om at fjellstyret får tilsendt all informasjon angående dette, slik at ein kan annonsere informasjonen gjennom våre kanalar. Fjellstyret sel fiskekort på delar av Ståvatn. Det er soleis forventa at me i denne perioden vil miste inntekta frå dette fiskekortsålet. Truleg må ein vurdere å stengje fiskekortsålet på heile statsallmenninga, då ein av erfaring veit at ingen set seg tilstrekkeleg inn i informasjonen som er tilgjengeleg gjennom våre salskanalar.

Med helsing

Tor Helge Haara Tjemsland/s/
Leiar

Steinar Lund/s/
sekretær

Kopi:
Ullensvang kommune

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 481 03 170- epost: leiar.rolldal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 482 70 778- epost: rolldal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no